

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	15/451

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2015	Kraftfondsstyret	PS	02.09.2015
062/2015	Kommunestyret	PS	10.09.2015

Masfjorden kajakkskule - søknad om støtte gjennom kraftfondet

Vedlegg:

resultset_3509_4.pdf

resultset_3509_4_vedlegg1.odt

resultset_3509_4_vedlegg2.odt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om kr. 150.000 i tilskot frå kraftfondet til etablering av ein kajakkskule

Vurdering

Det er budsjettet med kr. ca. 170.000 i etableringskostnader, og eit driftsbudsjett på litt over kr. 160.000,-. Støtte vert vurdert opp i mot etableringskostnader, og søknaden inneber såleis nær 90% av finansieringsbehovet. Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Dette inneber primært tiltak som sikrar sysselsetjinga i kommunen og som har eit næringsføremål. Søknaden er såleis utafør føremål og beløpsgrenser for retningslinene og vedtektene for kraftfondet, samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte". Etablering av kajakkskulen er avhengig av støtte frå kraftfondet/kommunen.

Fakta

Viser til søknad som er grundig og informativ, jf sakstfang

Nokre sentrale forhold saksa frå vedtektene & retningslinene for kraftfondet:

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

I tråd med § 6c i vedtektene for kraftfondet vert søkjar invitert inn til kraftfondstyre for å orientere nærare om prosjektet/søknaden.

Det er sett av kr. 400.000 til næringsføremål i kraftfondsbudsjettet for 2015. Dette er hovudtildelinga, og 2. tildeling er med søknadsfrist 1.nov. og handsaming i des. 2015. Samla søknadsmasse i denne omgang utgjer 467.375

Konklusjon

Søknaden er i strid med § 2 og 5 i vedtektene for kraftfondet. Evt. støtte til etablering av kajakkskule må tilpassast vedtektene og retningslinene for kraftfondet.

Kraftfondsstyret - 008/2015

KRFT - behandling:

Søkjar stilte i kraftfondstyret og orienterte nærare om prosjektet og svara på spørsmål

Saka vart deretter drøfta.

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret:

Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpeleg med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpeleg med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.

Kommunestyret - 062/2015

KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gikk kort gjennom saka.

Røysting:

Kraftfondstyret sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune er positiv til tiltaket og støtter etableringa i tråd med vedtektene i kraftfondet med kr. 40.000,- og vil elles kunne vere behjelpelig med rettleiing og oppfølging overfor andre støtteordningar.